



Notat

Dato: 28.10.2014
Arkivsak: 2014/22289-3
Saksbehandlar: nilgrud

Til: Per Nordmark

Frå: Nils E Grude

Oppstart av områdeplan med planprogram for bru over Masfjorden - Merknader frå samferdselsavdelinga

Fylkeskommunen er positiv til at ein under 7.2 Tema i konsekvensutgreiinga nemner at ein under Trafikkavvikling og Samferdsle set fokus på gode løysingar for kollektivtransporten. Vi ber om at det under planarbeidet vert tatt kontakt med Skyss for innplassering av eventuelle busshaldeplassar både på Sandnessida og Duesundøy.

Vi gjer merksam på at det er tatt inn følgjande om bru over Masfjorden i framlegget til Regional Transportplan som skal handsamast på fylkestinget i desember 2014:
«Kostnadane (ved brua) vert truleg av ein slik storleik at tiltaket vanskeleg kan late seg gjennomføre utan ekstern medfinansiering. Tiltaket ligg på det øvrige fylkesvegnettet.»